



Vaksdal kommune  
Konsul Jepsensgata 16  
5722 DALEKVAM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Vaksdal kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Vaksdal kommunestyre har i møtet 15.12.2020, sak 97/2020, handsama og vedteke budsjett for 2021. Handlingsprogram og økonomiplan for 2021 – 2024 vart vedteken 27.10.2020 i sak 70/2020. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering

Vaksdal kommune har ein utfordrande økonomi i byrjinga av økonomiplanperioden. Ei aukande gjeld gir eit svekt handlingsrom framover ved at stadig meir av kommunen sine inntekter går med til å betale renter og avdrag. Demografiske endringar og folketalsnedgang fører til reduserte inntekter, og kommunen er avhengig av at inntekter som ein ikkje sjølv rår over, kjem inn slik det er budsjettert.

Kommunen har ved inngangen til 2021 tilfredsstillande fri eigenkapital (disposisjonsfond). Dette blir ein viktig og nødvendig buffer mot uføresette økonomiske hendingar.

Kommunen si langsiktige gjeld vil ved utgangen av perioden liggje høgt, rekna ut frå kommunens brutto inntekter. Statsforvaltaren er uroa over utviklinga av lånegjelda og oppmodar om meir moderate låneopptak. Dette er både for å oppretthalde eit godt tenestenivå, men og sett i lys av at det er budsjettert med eit lågt rentenivå heile perioden.



## Budsjett 2021

Budsjettet er vedteke i balanse med eit negativt netto driftsresultat på 330 000 kroner, som utgjer minus 0,07 prosent av brutto inntekter. Kommunen ligg derfor godt under det anbefalte nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent.

Meirforbruket er dekt inn ved bruk av fond. Førebelse rekneskapstal for 2020 viser at kommunen har eit disposisjonsfond på om lag 89 mill. kroner, som tilsvarar 19,4 prosent. Snittet for landet (ekskl. Oslo) er 11,8 prosent. Ein stor del av fondet utgjer tidlegare avsette midlar til å dekke negativt premieavvik, avskrivning og eventuelle tap på verdipapir (amortiseringsfondet), i tillegg til flyktningefond. Ser ein bort frå desse midlane utgjer disposisjonsfondet om lag 6,9 prosent av brutto inntekter. Det anbefalte nivået frå TBU er minimum 5 prosent.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med statsbudsjettet og oppdatert KS-prognosemodell med nye folketal, viser at kommunen ligg lågare på sine budsjetterte frie inntekter enn det som ligg til grunn i prognosemodellen. Differansen tilsvarar om lag summen på utbetalte Korona-midlar hittil i 2021 på om lag 4,2 mill. kroner.

Av andre sentrale inntekter utgjer inntekter frå konsesjonsavgift (i skjema) 4,2 mill. kroner og utbytte frå BKK 1,4 mill. kroner. Det er ikkje budsjettert med inntekter frå Havbruksfondet for 2021.

Samla netto løyvingsramme til tenesteområda utgjer 282 mill. kroner, som er ein nedgang med om lag 2 mill. kroner frå budsjett 2020.

Kommunen har vedteke investeringar i driftsmidlar på 127,2 mill. kroner. Det er lagt opp til at 105,1 mill. kroner av desse skal finansierast ved opptak av nye lån. Kommunen hadde i 2020 ei langsiktig gjeld på om lag 586 mill. kroner. Dette tilsvarar 127,4 prosent av brutto inntekter, og kommunen ligg såleis over snittet for landet som var på 117,2 prosent. Ved utgangen av 2021 vil den langsiktige gjelda utgjere om lag 155 prosent, ut frå dei budsjetterte inntektene som er lagt til grunn.

## Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanen er sum driftsinntekter for år 2022, 2023 og 2024, lagt inn med om lag same nivå som i 2021. Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for perioden 2022 – 24 viser overskot på om lag 6 mill. kroner for kvart av åra. Dette tilsvarar eit resultat på 1,5 prosent av brutto inntekter. 3,3 mill. kroner skal kvart år overførast til investering, og resten skal godskrivas fond.

Overføringar kvart år til tenesteområda viser reduksjonar i drifta innanfor alle område. Kommunen skriv at dei økonomiske vilkåra i planperioden vil krevje nye og større omstillingstiltak enn tidlegare. Sidan økonomiplanen vart vedteken i oktober og summene har endra seg i budsjettet i desember, er det ikkje heilt samsvar mellom taldelane i dokumenta.

Det er planlagt store investeringar i heile perioden. Dei største satsingane finn ein innanfor helse og omsorg, skule og kommunale bygg, og VA (vatn og avlaup) som er sjølvfinansierande. Samla låneopptak utgjer om lag 245 mill. kroner. Ved utgangen av perioden vil langsiktig gjeld utgjere om



lag 680 mill. kroner, som tilsvarar 167 prosent av brutto inntekter, noko som er høgt.

Renteutgifter og avdrag på lån vil auke frå om lag 42 mill. kroner i 2021 til om lag 48 mill. kroner i 2024. Det er lagt inn låg rentesats (1,6 – 2 prosent) på låna i heile perioden.

Vi kan ikkje sjå at det er fylt ut skjema etter § 5-7 i forskrift for økonomiplan, årsbudsjett og årsrekneskap, men vi nyttar oversikta på s. 46 i budsjettdokumentet til dette.

Folketalet i kommunen har gått ned siste åra. Frå januar 2020 til januar 2021 har folketalet gått ned med 1,48 prosent til 3 918 innbyggjarar. Det er størst nedgang i dei yngre årsklassane.

### Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

*Vaksdal kommune skal ha ein sunn økonomi og gjennom god økonomistyring sikre økonomisk handlingsrom med dei inntektene me har.*

- *Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 1,75 %*
- *Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter: på nivå med landsgjennomsnittet*
- *Disposisjonsfond minst 10 %*

I budsjett- og økonomiplan for 2021 – 2024 er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	Mål	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	1,75 %	0,007 %	1,5 %	1,5 %	1,5 %
Disposisjonsfond	Minst 10 %	19,4 %	Ikkje vist	Ikkje vist	Ikkje vist
Langsiktig gjeld	likt med landssnittet*	155 %	167 %	169 %	167 %

\*Snittet for landet (ekskl. Oslo) var i 2020 117,2 %

### Statsforvaltarens vurderingar

Kommunen har ved inngangen til 2021 tilfredsstillande fri eigenkapital (disposisjonsfond). Dette blir ein viktig og nødvendig «buffer» mot uføresette økonomiske hendingar, og å sikre handleevna til kommunen framover.

Driftsresultata viser at det er nødvendig å gjennomføre dei planlagde reduksjonane i tenesteeiningane, for å oppnå balanse i driftsøkonomien. Demografiske endringar og folketalnedgang fører til reduserte inntekter, og andre vesentlege inntektskjelder er vortne meir usikre.

Statsforvaltaren er uroa over utviklinga av lånegjelda, og at dei definerte måltala som kommunestyret har vedteke, ikkje blir lagt til grunn. Sett i samanheng med driftssituasjonen oppmodar vi om meir moderate låneopptak i planperioden. Dette er både for å unngå at meir midlar skal gå med til å dekke renter og avdrag, men og for å oppretthalde eit godt tenestenivå.

Budsjett- og økonomiplandokumenta er elles informative og oversiktlege, og det er positivt at kommunen legg berekraftsmåla til grunn ved utarbeiding av mål og tiltak i tenestemråda.



Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
Kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*